



Lakkinga av golvet i Aktivitetshuset er i gang

**No er ein dugnadsgjeng i gang med å lakka opp golvet i Aktivitetshuset. Det har vorte nokså medteke etter mykje bruk og markeringane for dei ulike banane er slitt.**

No i sommar er all tapemarkering teke bort, golvet er reinsa, pussa og vaska og gjort klart for lakkering, fortel Erlend Moen til uskedalen.no.

Det skal på fire nye lag med kvalitetslakk, til saman 170 liter!

Etter at lakken har herda seg skal det markerast opp nye banar for volleyball, minihandball og basketbanar på tvers. Det skal kjøpast inn eitpar nye basketkorgar og handballmål.

På grunn av arbeidet med golvet blir hallen stengt i eitpar veker framover.

Det som no skjer er ein viktig del av fullføringa av Aktivitetshuset, som må skje før årsskiftet hvis spelemidlane ikkje skal bli trekt attende.